

**Hardanger og Voss  
Krins av NBF**

**50 år**

**12. oktober 1996**

**1946 - 1996**



## Kjære bridgevener

I 1928 utkom Dr. O Hallesby si vidgjetne lærebok i sedelære der han mellom anna slår fast: „.. kortspill er en sykdom i vårt moderne samfund som holder på å undergrave alle høiere interesser i alle lag av folket og i alle aldre, fra det lille barn som spiller kort før det kan tale rent, til oldingen som knapt kan holde kortene i sine skjelvende hender.“ Fullt så bra som Hallesby ville ha det til var det nok ikkje, men interessa for kortspel generelt og bridge spesielt var nok større då enn den er i dag. Og frå omlag 1928 voks den organiserte bridgen fram i Hardanger og Voss. I dette skriftet har vi prøvd å lage ei framstilling av denne utviklinga - frå den første klubben til i dag.

Diverre er framstillinga mangelfull på ein del område. Kjeldene er dels mangelfulle og mykje av det materiale ein skulle ynskje ein hadde hatt er ikkje teke vare på. Ei kjelde som kunne vore betre utnytta er lokalavisene, men dette har det ikkje vore tid til. Men denne framstillinga inneheld det viktigaste frå protokollar, arkiv og minne til sentrale spelarar og klubbleiarar. Så får andre ved eit seinare jubileum grave djupare.

Vi vil også nytte høve til å takke klubbleiarane for opplysningar om den enkelte klubb.

Dette skriftet er forfatta på nynorsk sidan det er krinsen sitt målføre. Men ingen av forfattarane nyttar dette til dagleg, så lesarane får årsaka alle små og store feil. Når det er sagt håper vi lesrarar som er interessert i historie vil finne ein del interessant stoff.

Tore Bergesen

Terje Sande

## Hilsen fra Bergen Bridgekrets

Naboen i vest ønsker Hardanger og Voss krins av NBF tillykke med 50-års jubileet.

Kommunikasjonene på Vestlandet gir klare begrensninger og derfor var det naturlig at vi skilte lag for 50 år siden. Men Hardanger og Voss krins må sies å bære sine 50 år med glans. Med det høye aktivitetsnivået virker det som dere bare blir yngre.

Bergen Bridgekrets takker for samarbeidet i de 50 år som er gått og håper på et minst like godt samarbeid i fremtiden.

**Gratulerer med dagen!**

*Med hilsen*

*Leif Gunnar Kleppevik  
Leder Bergen Bridgekrets*

## Helsing frå krinsleiaren

Siktemålet med eit jubileumsskrift er å summera opp det som har gått føre seg i krinsen vår i dei første femti åra og å hjelpe dei som skal skriva 100 års soga.

Krinsen vår ligg rundt den vakre Hardangerfjorden og omfattar store delar av indre Hordaland.

Skipinga av krinsen fann stad rett etter krigen, men det har vore spelt bridge i mange år før det. Det var framsynte menn som såg verdien av den organiserte bridgerørla som stod for skipinga. Oppsluttnaden i dei første åra av krinsen si soge var stor og langt større enn i vår tid. Det er med stor respekt me ser kva ein fekk til med enkle midlar.

Krinsen har i disse femti åra stort sett fungert bra. Nokre år har vore magre, men heldigvis har dei fleste vore gode. Det er med stor glede at me i jubileumsåret har vorte tildelt NM for par.

Arbeidet med jubileumsskriftet har ikkje vore noko lett oppgåve for dei som har samla opplysningane. Mykje av protokollar og skriv er ikkje lenger tilgjengelege. Eg vil gjerne retta ei særstakk til Tore Bergesen og Terje Sande for arbeidet dei har gjort i denne samanhengen.

Eg vil til slutt få takka alle dei som har gjort det mogeleg at krinsen no kan fylla femti år og ynskja lykke til med framtida.

*Med bridgehelsing*

*Svein Aage Jensen*

# Krinsen sine formenn:



1946 - 49  
Andreas Andersen  
Voss




1951 - 52  
Olav Larsen  
Odda




1954 - 72  
Tore Bergesen  
Ålvik



1973 - 75  
Odd Pettersen  
Voss




1982 - 84  
Hans Chr. Windheim  
Ullensvang



1987 -  
Svein Aage Jensen  
Voss



1949 - 51  
Andreas Grande  
Odda




1952 - 54  
Arnfinn Gjeråker  
Voss



1972 - 73  
Eivind Andersen  
Voss



1975 - 82  
Tore Bergesen  
Øystese



1984 - 87  
Håvard Weum  
Tyssedal

## Krinsen si historie

Bridgen i vårt distrikt er nok eldre enn dei 50 år krinsen no feirar. Alt i 1928 vart Voss Sjakk og Bridgeklubb stifta (frå 1943 Voss Bridgeklubb). I 1929 kom Tyssedal Sjakk og Bridgeklubb (frå 1956 Tyssedal Bridgeklubb), Odda Bridgeklubb i 1931 og Lofthus Bridgeklubb i 1938. Rundt 1935 vart Dale Bridgeklubb stifta, og under krigen kom det så klubbar i Nordheimsund (1941), Øystese (1942), Ålvik (1943), Ulvik (1943) og på Bulken (1945).

Det gjekk omkring ti år fra Norsk Bridgeforbund blei stifta i 1932 til klubbane våre kom med i den organiserde bridgen. I 1938 kom Bergen Bridgekrets og utan at ein kan finna nøyaktige opplysningar om når det skjedde, er namnet endra til Bergen og Omegn krets ein gong rundt 1942/43. Då finn ein det namnet blant anna på brevpapir (i andre samanhengar er det også nyttat namnet Bergen og Hordaland bridgekrets). Innanfor denne eininga oppretta ein så Hardanger avdeling utan at dette nokon gong er nemnt som vedtak i styret. Denne avdelinga hadde nok sitt tyngdepunkt i Odda/Tyssedal, men omfatta resten av Hardanger i tillegg til Voss. I møte 18.6.1945 vedtok Bergen Krets ei vidare oppdeling av Hardanger avdeling i Ytre Hardanger, Indre Hardanger og Voss underavdelingar. Denne inndelinga har eksistert sidan, og ein finn den i dag att mellom anna i sonemeisterskap.

Første gongen klubbar utanfor Bergen er nemnt i styreprotokollen er då ein handsama søknaden frå Odda BK om optak i NBF på møtet den 18.2.42.

Frå og med 1943 har ein laga ordningar for deltaking i krinsmeisterskapa, vanlegvis ved at det vert spela ei innleiane turnering i Hardanger der dei beste får delta i finalen i Bergen. Frå og med 1943 vart det også arrangert årlege bykamper mellom Odda og Bergen.

Sidan alle meisterskapa til Bergen og Omegn krets var lagt til Bergen, var det både dyrt og vanskeleg for spelarane frå Hardanger avdeling å delta. Både i styreprotokollane for krinsen og klubbane finn ein stadig klage over dei store utteljingane til reise og dekning av tapt arbeidsinntekt. Dette endå nokre verksområder sponsa spelarane ved å gi dei fri med løn i slike høve. Spesielt frå Bergen voks det etter kvart fram eit krav om deling av kretsen.

Delinga av Bergen og Omegn krets vart nok diskutert i fleire samanhengar, og på styremøte 3.11.1945 blei det vedteke å kalle inn til eit utvida styremøte for å handsama denne saka. Dei som skulle innkallas var Andreas Andersen frå Voss, Asbjørn Hansen frå Odda og Kristian Madsen frå Øystese. Dette møtet blei ikkje avvikla før 26.9.1946, og då hadde saka alt vore oppe på både styret og tinget i forbundet. Vedtaket om deling kom som eit diktat frå forbundet og meddelt i skriv av 21.9.1946. Sjølv om ikkje alle klubbanne var like nøgde med vedtaket, spesielt gjalt dette Odda og Tyssedal, sluttar dei opp om det konstituerande krinsting på Fleishers Hotell på Voss lørdag den 12.10.1946. Innkallinga til møtet kom frå visepresident Finn Svenkerud i brev av 27.9.1946. Det tok altså under ein

månad frå forbundet fatta vedtaket til krinsen var formelt oppretta.

Til tinget møtte det utsendingar frå følgjande klubbar: Bridgeklubben 1945 Odda, Bulken Bridgeklubb, Dale Bridgeklubb, Norheimsund Bridgeklubb, Odda Bridgeklubb, Tyssedal Bridgeklubb, Voss Bridgeklubb, Øystese Bridgeklubb og Ålvik Bridgeklubb. I alt 9 klubbar med 319 medlemer. Dessutan møtte Valkner frå Bergen og Omegn Bridgekrets samt innkallaren, Finn Svenkerud frå Norsk Bridgeforbund.

Den nye krinsen fekk namnet Hardanger og Voss Krins av NBF. Andreas Andersen frå Voss vart valgt til den første formannen, og med seg i styret fekk han: Torleiv Gursli (Odda), Ernst Frantzen (Tyssedal), Kristian Madsen (Øystese) og Harald Bendiksen (Dale).

Tinget vedtok mellom anna at nynorsk skulle nyttast som krinsen sitt offisielle språk, men referatet frå møtet blei skrive på bokmål. Vi saksar ellers frå referatet:

*Valkner redegjorde for kretsens økonomi og meddelte at kretsstyret hadde besluttet å dele kretsens kontantbeholdning i forhold til antall medlemmer i den gamle, innskrenkete krets og den nye krets. På Hardanger og Voss krins fall etter dette kr. 1470.- hvorav kr. 300.- må reserveres for sorfalne, men p.g.a. sølv situasjonen ikke utdelte premier.*

Nokre av dei ni klubbanne som var med å stifta krinsen i 1946 har ikkje vore like aktive heile tida og heller ikkje vore medlemer alle åra. Øystese BL var med dei første par åra, og frå 1957 var

både dei og Norheimsund aktive medlemmar. Dale BK meldte seg i 1960 inn i den nyskipa Midthordland Bridgekrets, men meldte seg for første gang verkeleg inn i Hardanger og Voss Krins i 1992.

Men i krinsen er det etter stiftinga skipa nye klubbar og andre har meldt seg inn i forbundet. I alt gjeldt dette 11 klubbar i tidsrommet fram til i dag:

- 1950 Ulvik BK (melde seg ut i 1971)
- 1957 Nå BL
- 1958 Strandebarm BL (stifta i 1946 som Børshheimstranden BK)
- 1960 Ringøy BK (melde seg ut året etter)
- 1968 Hauso BK (melde seg ut i 1972)
- 1974 Ullensvang BK (stifta i 1938 som Lofthus BK)
- 1975 Vossestrand BK (melde seg ut 19???)
- 1977 Granvin BK (stifta i 1942 som Øvre Granvin BK)
- 1978 Jondal BK, startet i 1974
- 1991 BK Beit, stifta 1990
- 1995 BK Modalsknekten, stifta 1994

I jubileumsåret tel krinsen 15 klubbar og 275 medlemer. Dette tallet er nok gått ein del ned etter omlegging av medlemsregistreringa innan forbundet då kvart medlem no tel med berre i ein klubb. Ellers er det i krinsen vår, som sikkert også i andre krinsar, variert endel i talet på medlemmar og kanskje er det vorte litt "forgubbing" i klubbanne. Odda og Ålvik er gledelege unntak, ein sikker grunn er at dei har vore flinke til å halde kurs, noko som har vist seg å vere beste måten å få opp medlemstallet på.

Som det framgår av kartet er klubba-  
ne spredt over eit stort område. Dess-  
utan deler Hardangerfjorden oss. Krin-  
sen har derfor alltid vore delt i 3 soner :

#### Kvam:

Jondal BL  
Norheimsund BK  
Strandebarm BL  
Øystese BL  
Ålvik BK



#### Sørfjorden:

BK 1945 Odda  
Nå BL  
Odda BK  
Tyssedal BK  
Ullensvang BK

#### Voss:

BK Beit  
Bulken BK  
Dale BK  
Granvin BK  
BK Modalsknekten  
Voss BK

## Klubbar i Hardanger og Voss krins av NBF



*Mælands Hotel, Granvin.*

Første helg i desember vert det arran-  
gert sonemeisterskap som er ei svært  
populær turnering.

Krinsen har frå starten i 1946 arran-  
gert KM for par og lag kvart år (lag-  
meisterskapen i 1962 måtte avlystas).  
Frå 1953 til 1973 arragerte ein dei fles-  
te åra også KM mix. Frå 1995 er dette  
arrangementet tatt opp att med Odda  
BK som arrangør.


På grunn av den geografiske  
spreiinga i krinsen har ein ikkje hatt  
noko fast spelelokale. Mest nytta har  
vore Granvin, Kinsarvik og Utne. I dei  
seinare åra har vi vore i Kongressentre-  
ret i Ulvik. Ellers har Krinsmeisterska-  
pa våre alternert mellom klubbanne.

Vi saksar litt frå protokollen vår i  
1957:

*Forslag om å flytte KM fra Kin-  
sarvik til Granvin, da Mælands  
Hotel har gitt oss særdeles gode  
betringelser. En varm rett lørdag,  
overnattning og frokost: Kr. 15,- pr.  
stk. De gode betingelsene vi fikk  
på Mælands Hotel, medførte at  
interkrets Kampene mellom Bergen,  
Midhordland og Hardanger og  
Voss fikk fast spillested der.*

Utanfor krinsen har vi  
naturlig nok hatt mest  
omgang med nabokrinsane  
Midhordland og Bergen. Vi  
hadde fleire år interkretska-  
par mot disse to krinsane. Vi  
deltok også i Vestlandsmes-  
terskapet både då det var par-  
turnering og når det på 70-  
talet gjekk over til lagturne-  
ring. Seinare år har samarbe-  
det innskrenka seg til delta-  
king i dei åpne turneringane som krin-  
sane og klubbane arrangerer.

Når det gjeld resultat, har vi nok etter  
kvart fulgt i Coubertin si olympiske  
ånd: Det viktigaste er ikkje å vinne men  
å delta. Men i førstninga var ambisjo-  
nane større og spelarane i krinsen har  
ein del resultat å skilte med. Dei beste  
har nok Omar Olsen - Leo Tvedt frå  
Tyssedal og Sigurd Hægland - Leif Vat-  
le frå Odda stått for under NM for par.  
Nøyaktig kva plass dei fekk (nokre sei-  
er nr. 3, andre nr. 5) og når det skjedde  
står ikkje i nokon protokoll frå hverken  
krins eller klubbar. Saman med Ernst  
Frantzen - Torolf Larsen nådde Omar  
Olsen - Leo Tvedt 5. runde i NM for



*Omar Olsen, 86 år. Saman med Leo  
Tvedt den mestvinnande spelaren i  
krinsen. Betalande medlem i Tyssedal  
Bridgeklubb i 60 år.*

klubar ein gong på 50-talet, og lenger har ikkje noko lag frå krinsen kome seinare.

I Vestlandsmesterskapet for par vann Sigurd Hægland - Leif Vatle frå Odda i 1950. I 1967 blei Jacob K. Madsen - Helge Olsen nr. 2 og i 1969 klarte Otto Kampevoll - Kjell Lid frå Voss det same i denne turneringa. Dessutan vart laget frå vår krins nr. 2 i semifinalen etter Rogaland i 1968.

Som ein liten kuriositet vil vi nemne at ved begge jubileumsturneringane, då krinsen fylte 10 og 20 år, vann Omar Olsen - Leo Tvedt føre Ranik Halle - Bjørn Larsen som representerte NBF.

Om krinsen ikkje har hevd seg så godt resultatlappmessig, har ein fulgt bra med i utviklinga ellers. Både i krins og klubbar tok ein tidleg i bruk meldebokar og ein var også tidleg ute med innføring av Mesterpoeng. I 1988 investerte krinsen i datautstyr og i 1990 kjøpte vi kopimaskein. I 1993 kjøpte krinsen kortdubleringsmaskin og 2000 kortstokkar, så no er krinsen og samtlege klubbar sjølvhjelpe til både større og mindre arrangement. Ja det var andre saker før i tida. Når ein arrangerte barometerturnering måtte vi ha to personar i reknskapet, ein person som turneringsleiari, ein person på barometeret og gjerne tre hjelparar i salen for å dele ut kort og diverse andre gjeremål.

Dessutan måtte vi dublere spel på førchand. Alt dette gjer stort sett ein person i dag.

Kanskje er turneringsleiariar ei manglevare hos oss men vi har følgjande krinsautoriserte:

Arne Austrheim, Ålvik

Tore Bergesen, Øystese

Svein Aage Jensen, Voss


Bjørn Korssund, Odda

Krinsen arbeider no aktivt for å få utdanna fleire turneringsleiariar.

Nærmast bør også at to av våre tidligare medlemer har seinare blitt president i NBF:

- Ole Smestad, Voss (vald frå Tromsø)
- Jakob K. Madsen, Øystese (vald frå Bergen)

Tore Bergesen, Øystese blei i 1962 tildekt Norsk Bridgeforbunds hedersteikn i gull for sin store innsats i krins og klubba.



Barometerturnering, med Tore Bergesen ived bordet.

## Klubbane i krinsen

### BK 1945 Odda

På tross av namnet er klubben stifta i 1944. Den bestod av ei utbrytargruppe frå Odda BK og var nok i byrjinga sett på som ein klubb for dei med høgare sosial status. Men frå slutten av 50-talet har det vore god kontakt mellom dei to Odda-klubbane og i dei fleste åra sidan har mange om ikkje dei fleste spelarane i Odda vore medlem av begge klubbanane.

Første formann var Kristian Moss og han sat fram til 1952. Saman med kona Aslaug var dei eit markant par i både krins og klubba.

Etter Kristian Moss overtok Arne Hauge Gjester og han sat som forman frå 1952 til 1957 og frå 1962 til 1993.

Formann i jubileumsåret er Egil Johannessen.

### BK Beit

I området rundt Voss hadde Kyte BK, Palmafossen BK og Vossestrand BK speling kvar for seg. Dette var småklubar som dreiv "useriøst" og med minkande oppslutnad. Etter fleire møter blei klubbanane slått saman til ein klubb den 1.12.1990 med det originale namnet BK Beit. Klubben blei så medlem i krinsen den 20.4.1991. Dei første åra var Grimshalli på Kyte spelelokale, men ein er no vel etablert på Rondo Sportell på Voss.

Klubben har altså ei svært kort historie, og det finnes ikkje arkiv etter dei tre "morklubbane". Jon Svein Sølvberg har vore formann i klubben sidan starten og fram til i dag.

Klubben arrangerer to turneringar kvart år: Ei før påske og ei før jul. I tillegg har ein prøvd å arrangere ei midsumarturnering med forbundspoeng, men på grunn av liten tilslutnad er denne mellombels innstilt.

Frå ein mix:

"Kvífor gjorde du det?"

"Ja, eg tenkte, at ...."

"Jaså", avbraut mannen. "Tenkte du. Det må i tilfelle vere første gong!"

"Ikkje ver lei deg du, ein gong blir den første for deg også!"

## Bulken BK

Bulken BK var aktivt med då Hardanger og Voss krins av NBF vart skipa. Haldor Lunde var med i det første krinsstyret.

Klubben som såleis er 50 år har hatt ein variabel medlemsmasse. For tida er det svært dårleg, men vi håper på eit oppsving. Vi tek med frå møteboka til klubben:

*Etter opptak frå nokre interesserte vart det skipa bridgeklubb på Bulken 16. febr. 1945. Det hadde vore slik at nokre "putla" litt med bridgegesping her på staden, men ikkje noko organisert. Me tenkte at ein klubb ville auka hugnaden, og at dugleiken også ville koma med litt tevling.*

*Me er Andreas Andersen, Voss stor takk skyldig. Trass i regn, hálke og andre vanskar som det var på den tida, gjekk han dei 10 km. frå Voss til Bulken for å læra oss litt om turneringsbridge.*

Første styre:

Formann: Halle Lunde  
Nestformann: Melcior Teigen  
Kassrar: Christian Matland  
Skrivar: Haldor Lunde

Noverande formann er Ole Jan Breistein.

Under krigen då finalen i KM var i Bergen, blei ein av spelarane frå Hardanger lenger vekke enn det som var avtalt. Kona fann fram til hotellet han budde på, og la att denne meldinga:

"Om du har fått deg arbeid so skal eg sende arbeidsklede!"

## Dale BK

Ein reknar med at klubben var stifta rundt 1935, men alle gamle arkiv i klubben forsvann då ein flytta spelelokale frå det gamle "hotellet" då det vart reve. Klubben var med da krinsen vart stifta i 1946, men på grunn av lettare kommunikasjonar gjekk ein inn i Midthordland krets då den vart stifta i 1960. Det var på denne tida det var størst aktivitet i klubben med 60-70 medlemer. Spelarane frå klubben vann fleire krinsmesterskap for både par og lag samt ei premiert plassering i NM for par.

I meir eller mindre heile perioden var Nils Seim formann, Kjell Johannessen kasserar og Albert Johnsen sekretær. Dei stod på val ca. kvart 20. år og sat heilt fram til 1990. Kjell Johannessen er med enno men Magne Soltvedt er formann, Geir Karstensen er ungdomskoordinator og Rune Trohjell utgjer resten av styret. Då den nye stamvegen til Voss vart opna vedtok dei å på nytt melde klubben inn i Hardanger og Voss krins av NBF i 1992.

Klubben spelar no med 4-5 bord kvar tirsdag i røykfrie lokale i Nye Dale Verthus. Julebridgen vår er litt spesiell. Då trekkjer ein makker og alle vert premiert med kjøtvarer frå pinnesider til syltflesk. I 1992 starta klubben den no vidgjetne Daleturneringa som har fått fast plass i Stanghelle samfunnshus.

## Granvin BK

Folk i Granvin byrja å spele bridge under siste krig. Spelinga gjekk føre seg i Øvre Granvin og det var inntil 3-4 bord på spelekeldane. Systemet som vart nytta var Culbertson eller sjølv-komponert vidareutvikling av wist. Alt frå oppstarten vart det spela årlege kampar mot Palmafossen.

Etter krigen vart det ikke spelt organisert bridge på ei stund, noko fotballen fekk skulda for. I siste helfta av femtítalet byrja dei igjen å spela bridge i Øvre Granvin. På spelekeldane kvar veke var det tre til fire bord, og i tillegg til Culbertson nytta ein no Vienna. På lag samtidig byrja ein å spele på Eide med to og tre bord på spelekeldane.

I 1961 vart spelarane i Øvre Granvin og på Eide samde om å slå seg saman, og Granvin BK vart skipa. Det vart spela ein kveld i veka på Mælands Hotell og det deltok mellom seks og åtte bord.

Ein av dei ivrigaste deltakarane var eigaren av Mælands Hotell: Gunnar Mæland. I 1957 byrja krinsen å arrage re krinsmesterskapa sine på hotellet, og dette var årvisst heilt til hotellet brann i 1984.

I 1977 melde Granvin BK seg inn i krinsen, og fram til rundt 1985 var det vanlegvis mellom fire og seks bord på spelekeldane. Seinare har det, sjølv om ein har prøvd med diverse kurs, gått jamt nedover. I jubileumsåret er det fire kvilande medlemer.

## Jondal BL

I 1974 kom nokre interesserte saman og skipa Jondal BL. Første formann var Ole I. Sætveit. I 1978 meldte laget seg inn i krinsen. Likevel har vel laget mest drive på "hobby-basis".

Deltakinga utad har begrensa seg til dei andre klubbane i Kvam samt Kvammameisterskapen for par som vi også er arrangør for kvart femte år. Vi har årleg lagkonkurranse mot Strandebarm BK. Som det framgår av kartet over klubbane i krinsen ligg vi litt i utkanten og er avhengig av ferje.

Styret i år er: Morten Aasebø og Haldor Hauge.

Spelar og makker hadde 12 trumf til saman og mangla kongen. Speleførar hadde truleg ikkje talt trumfen, for då han trakk dama i trumf frå bordet og spelaren til høgre viste renons, utbraut han: "F....!" Dette utnytta spelaren til venstre: "Ja, ja, ne eller neste gong?" "Du kan like godt få det ne", sa spelaren og la liten.

## BK Modalsknekten

Klubben vart fødd den 10.12.1993

Før den tid vart det spelt rubberbridge meir eller mindre uformelt etter at komunelege Helge Mjelde tok initiativet til eit bridgekurs. Dette fungerte slik at det var berre å møta fram på spelekeldane anten du hadde makker eller ikkje. Dersom det ikkje var partal, tok den som til ei kvar tid vart blindemann seg av den makkerlause.

På spelekelden i desember 1993 vart det så diskutert om ein ikkje skulle skipa ein meir organisert klubb. Det vart oppnemnt eit styre på tre personar som fekk i oppdrag å utarbeida vedtekter for klubben, samt koma med eit overslag over kva det ville kosta å anskaffa det mest naudsynte utstyr for å spela turneringsbridge. På det same møte fekk klubben namnet sitt.

Modalen kommune støtta oss med kulturmiddlar, slik at me skaffa oss planjsar, meldeboksar, kortstokkar og mapper. Vi var i gang med turneringsbridge på vårparten 1994.

Klubben sitt første styre var: Oddvar Almelid (formann), Knut Dale (kasserar) og Olav Frantzen (sekretær).

På årsmøte 6.1.1995 vart det vedteke å mælda klubben inn i NBF gjennom medlemskap i Hardanger og Voss krins.

Klubben har i dag 16 medlemer med ein kvinnrepresentasjon på 31%.

Styret i jubileumsåret er: Olav Frantzen (formann), Knut Dale (kasserar) og Audhild Nygard (sekretær).

## Nordheimsund BK

Klubben blei stifta i 1941 og første formann var Alf Tolo. Spelelokale var fyrst i kjellaren i Ungdomshuset, seinare flytta ein til Sandven Hotell og no er speleveldane på Straumen Café.

Medlemstalet i klubben har variert opp gjennom åra, men ligg no på rundt 30. Beste sportsleger prestasjon var da Hans Lygre - Ingvald Høgheim representerte krinsen i NM for par i Stavanger.

Noverande formann er Kjell Reidar Linga.

Ein spelar til ein del andre:  
"Makkeren min er heldig. Han har noko som eg ikkje har."  
"Kva er det?"  
"Ein god makker!"

## Nå BL

Bridgelaget blei stifta i 1959 og innmeldt i krinsen same år. Første formann var Sverre Bleie.

Oppslutninga om laget har vore jamt bra opp gjennom åra med ein topp rundt 1980-85 då ein var oppe i 7 bord på spelekeldane. Dei seinare åra har det diverre gått jamt nedover. Men det er enno nokre eldskjeler som heldt liv i laget, og ein vonar på oppsving igjen. Noverande formann er Vidar Reisæter.

## Odda BK

Odda Bridgeklubb blei starta i 1931. Men klubben sine røter strekkjer seg lengre bakover. Mellom annet veit ein at Odda Sjakklubb deltok i pokalkamp mot Voss Sjakk- og Bridgeklubb i oktober 1928. Klubben skifta seinare navn til Odda Sjakk- og Bridgeklubb.

Interessa for bridge gjorde seg meir og meir gjeldande i slutten av 20-åra. I 1929 spelte mange av dei som seinare blei aktive i klubben privat hos Isak Solbakken. Det viste seg at det nye spelet blei svært populært og sjakken blei skuva meir i bakgrunnen. I 1931 blei så Odda Bridgeklubb starta med Johannes Svåsand som klubbens første formann.

I krigsåra opplevde vi eit veldig oppsving i medlemstalet, 112 medlemer på det meste.

Fram til 1950 var det berre Culbertson ein spelte, seinare gikk nokre over til Vienna-systemet. I dag spelar dei aller fleste naturlege system med utgangspunkt i Goren og Acol.

I åra etter krigen bør Ingvald Bratland og Wilhelm Berg nemnast spesielt. Dette var to eldsjeler som i mange år gjorde ein god innsats for klubben. I dei seinare år har Bjørn Korssund lagt ned mange timer i bridgen, både som mangeårig formann og som medlem av styret i krinsen.

Klubben har vore på stadig flyttefot når det gjeld spelelokale. Vi starta i Losjens lokaler, så til Autoverkstedet, Formannshuset, Teaterkaféen i Folkets hus, Hardanger Hotel, Odd Fellow, Formannshuset igjen, Sørfjordheimen, Grand Hotel, Iris kafe, Merkurs sel-skapslokaler, Slakteriet restaurant og i dag er vi tilbake på Hardanger Hotel. Vi ønsker oss eit meir stabilt og høveleg lokale og arbeider stadig med saka. Klubben har frå starten av og fram til

i dag delteke aktivt i krinsen sitt arbeid og gjort seg sterkt gjeldande både spelemessig og administrativt.

Frå Hardanger og Voss krins blei stifta i 1946 har klubben vunne 17 krinsmeisterskap for par og 13 for lag.


Frå starten av var det ingen kvinner i klubben, dei spelte i den andre Odda-klubben: BK

1945. Frå 70-åra endra dette seg, og vi har i dag sju kvinnelege medlemer. Sidan 1990 har Odda stilt lag i serie-meisterskapet for damer. Odda BK var også initiativtakar for å få i gang att Krinsmeisterskap i Mix, og dette blei arrangert for første gang i 1995 etter ei pause på fleire år.

Frå 1975 har vi arrangert Odda-cupen, tidligare som to-dagars turnering, de to siste årene som ein-dags turnering med forbundspoeng 2-1. I tillegg arrangerer vi kvart år Sørfjord-meisterskapen, påsketurnering, juleturnering og sommarbridge.

Styret i sesongen 1995/96:

Formann:	Anja Prestvik
Nest-form.:	Kåre Frøystein
Kasserar:	Inger-Lise Hermansen
Sekretær:	Helga Gustavson
Materialforvaltar:	Knut Kaupang
Ungdomskontakt:	Vidar Aspunvik



## Strandebarm BK

Opplysning om skipingsdato er ukjend, men klubben kom til i 50-åra og vart medlem i krinsen frå 1958. Det vert fortalt at Sjur Vikane var ei drivande kraft i klubben dei første åra. Skriflige kjelder frå denne tida har ein ikkje funne.

Klubben legg mest vekt på det sosiale samværet og tek lite del i konkurransane som vert skipa til av krinsen.

Gjennom haust og vinter er torsdag fast spelekveld på Tunkroa Kafe. Frammøte er jamt over fem til seks bord med stor kvinnedeltaking. Dei mest ivrige av medlemene møtes også om sundagskveldanc til speling. Klubben har frå tid til anna skipa til kurs for nybyrjarar for å rekruttera nye medlemmer.

Det noverande styret:

Formann: Thor Berge  
Kasserar: Stig Håland  
Skrivar: Gustav Berge

Ein spelar som var kjend for å tøye korta både i opning og svar, avgav ei opningsmelding. Det blei spurd kva meldinga innebar. Makker såg på mappa og svarte:  
"Ja, sidan vi er i sonen har han minst 10 hp".

## Tyssedal BK

Klubben blei stifta i 1928 som Tyssedal Sjakk- og Bridgeklubb, eit namn ein heldt på heilt fram til 1956. I følge Omar Olsen, som har vore medlem heile tida, var dei første to åra mest prega av sjakk. Men bridgen tok raskt over og frå 1934 var det berre bridge.

Hovedgrunnen til dette var at ein etter kvart fekk kjennskap til meldesystem og tilgang på materiell for å halda turneringar. I byrjinga spelte ein lagkamper, men i april 1942 kjøpte ein inn plansjar for Howell og Mitchell.

Klubben vart fort kjent for mange og dyktige spelarar. I ein innbyding til turnering frå Lofthus BK 23.4.1942 blir klubben bedt om å sende tre middels sterke lag for å få ein jammare konkurranse. Når ein tenkjer på avstandane og kommunikasjonane på trettitalet er det nesten utrulig at ein årleg spelte lagkamp mot Sauda og Sandnes.

I perioden 1938 til 1948 var aktiviteten svært stor med speling både to og tre dagar i veka. Styret i klubben vedtok fleire gonger forbod mot bakspelarar på grunn av plassmangelen. Det var vanleg med framlegg minst ein time før speling for å vera sikra å få spele. Nye spelarar måtte søke om medlemskap og måtte gjerne vente i månadsvise på dette.

Medlemskontingenenten var lenge kr. 1.50 der femtiøringen gjekk til reisekasse. Klubben brukte også pengar på bridgebøker og magasin, og hadde ei tid ein spesiell premie til det medlemmet som gjorde det best i dei nasjonale oppgavekonkurransane.

Spelavgifta var kr. 0.25 pr kveld

men sjølv med mange medlemer var klubben sin økonomi anstrengt. Ikkje minst etter at ein vart medlem av NBF i august 1942 der den årlege kontingenenten var kr. 36.-. Dessutan deltagninga i Bergen og Omegn krets sine turneringar i Bergen. Til dette søkte ein og fekk støtte frå bedriftene i form av pengar eller fri med løn. Derimot fekk ein ikkje løyve frå politiet til å loddha ut eit radioapparat i 1946. Grunnen var at bridge ikke kunne reknaast som eit almennytting eller veldig formål.

Klubben har fleire fine resultat å vise til og Omar Olsen - Leo Tvedt har stått for dei fleste. Då krinsen skulle arrangere sitt 10-års jubileum vart dei spesielt invitert av krinsformannen Tore Bergesen. Dei vann både denne og turneringa ved 20-års jubileet føre Rannik Halle - Bjørn Larsen frå forbundet.

Frå midten av femtitalet avtok interessa for bridge i Tyssedal. Det har svinga litt opp og ned med ein topp i byrjinga av 80-talet på ca. 50 medlemmar. I dag slit ein med to og tre bord på klubkveldane, men ein har planar om gjere noko med det.

Frå ein mix.

Mannen: "Du kunne då meldt".  
Kona: "Eg hadde berre tre nakne konger!"  
Mannen: "Oi, oi. Det skulle blitt litt av eit nappetak. Eg hadde tre nakne damer!"

## Ullensvang BK

Klubben kom i gang først i sytti-åra. 19.2.1974 vedtok styret bestående av Harald Lund (formann), Dagfinn Hus (kass.) og Johan Utne å melda klubben inn i krinsen.

Resultatlistar og protokollar frå Tyssedal viser at på Lofthus var det aktive konkurransespelarar også i 1940 og 1950 år.

I den mest aktive perioden var klubben oppe i 7 bord. I denne tida hadde ein markerte makkerpar som Ulf Asting - Hemming Helland. Mellom deira meritter kan nevnast:

- Kvalifiserte seg til NM for par men overlet plassen til dei som kom etter på lista (ville ikkje ut å reisa)
- Krinsmeisterskap for lag
- Tre år på rad vann dei Odda Cup og tok dermed den gedigne tinnbollen til odel og eige

Ein konvensjon etter dei er framleis flittig i bruk i klubben, og ber då også deira navn.

Klubben spelar i dag med rundt fire bord, men godt kursarbeid frå Håvard Weum gjer at vi ser framtida ljost i møte.

Ein spelar avgav ei melding, og neste spelar spurde makkeren kva den tydde. Svaret kom prompte: "Ja, den som visste det du!"

## Ulvik BK

Klubben vart stifta i oktober 1943. Første formann, Magnus S. Rondestveit, er framleis aktiv medlem.

Klubben har ikkje hatt mange kvinnelege medlemer, men dei få som har vore har vore særskilt aktive på det administrative planet. Brita Rødland utgjorde heile styret i ei årrekke, og i jubileumsåret inneheld Oddrun Godejord alle verv i klubben.

Klubben var medlem i krinsen frå 1950 til 1971. Kvifor klubben meldte seg ut veit ein ikkje i dag, men det kan ha hatt samanheng med den uhedige kommunikasjonsmessige plasseringa. Vallaviktunellen, eit rimeleg godt tilbod i ferjesambandet Bruravik - Brimnes og auka privatbilisme har endra dette. Vonar det i tillegg til at NM-finalen for par er lagt til Ulvik, vil gjera sitt til at klubben vert medlem att.

Klubben spelar no ein gong i veka i vinterhalvåret på Bjotveit Hotell med fire til fem bord.

## Voss BK

Klubben vart skipa 10.9.1943 og første formann var Andreas Andersen. Klubben sitt opprinnelige namn var Voss Sjakk- og Bridgeklubb, og den blei stifta alt i 1928. Namneendringa var eit resultat av at bridgen blei meir og meir dominerande i klubben.

Klubben hadde ein aktiv medlemsmasse med fleire puljer på klubbkveldane. På krinsnivå synte dette igjen med stadige vinnarar frå Voss BK. Nils Bergo - Bjarne Danielsen har ein 19. plass i NM for par, noko som er klubbrekord.

I dag er diverse klubben nede i ein bylgjedal når det gjeld medlemer og frammøte på klubbkveldane. Styret håpar at fleire tiltak med blant anna kurs på nytt skal skapa blest og interesse for bridge på Voss.

Klubben har ei utmerking som ein deler ut til dei som har vore spesielt aktive og representert klubben med fin framferd. Dei som har fått dette heiðsteknet er: Berljot B. Andersen, Andreas Andersen, Nils Bergo, Bjarne Danielsen, Arnfinn Gjeråker, Anna Hardeland, Arne Hauge, Nils Mala, Torbjørn Nedrebø, Svein Aage Jensen, Lars Småbrekke, Thorbjørn Ullestad og Jon Velure.



Første utdeling av Voss BK si utmerking. Bak frå v.: Andreas Andersen, Nils Mala, Thorbjørn Nedrebø og Arne Hauge. Framme frå v.: Anne Hardeland, Thorbjørn Ullestad, Bergljot B. Andersen og Lars Småbrekke

## Øystese BL

Laget vart stifta i 1942, og første formann var Kristian Madsen. Alt skippingsåret var det 42 medlemer (eit tal ein godt kunne tenkja seg no og).

Alt i 1944 fekk laget oppfordring og løyve av krinsen (Bergen og Omegn) å skipa til turnering. Denne vart spela Bededagshelga i Ungdomshuset, med deltaking frå Voss, Nordheimlund og Ålvik. Då laget, midt under krigen, kunne by deltakarane på lapskaus med rikeleg kjøt, seier det seg sjølv at tilskipinga vart vellukka.

Vellukka turneringar har laget halde fram med.: Avslutningsturneringa 30 april og Juleturneringa 27 desember er begge populære og samlar deltakarar forutan frå eigen krins også frå Bergen og Midthordland. Kvart femte år står laget for Kvammameisterskapen for par.

På same måte som dei fleste andre har laget vårt gått i bylgjedalar både kvantitativt og kvalitativt. For tida er laget langt nede, noko ein vil freista å retta på gjennom kurs. Laget har fem gonger hatt krinsmeistarane for par og åtte gonger for lag.

Formann: Oddvar Sørveit  
Kasserar: Sigbjørn Laupsa  
Styremedlem: Reidar Olsen

Frå ein mix.  
"Kvífor melde du 3 hjerter?"  
"Fordi eg hadde lyst!"

## Ålvik BK

Klubben blei stifta 15.11.43 med konstituerande gerenralforsamling 24.2.44. Klubben sin første formann var Olav Hansen. Det byrja i det små med rundt tre bord, og spelekvelde var på Eides Kafe i Samvirkebygningen.

I 1944 var talet på medlemer så pass stort at spelekvelde blei flytta til Jakobsens Kafe der det var betre plass. Medlemstalet var oppe i 40, men på grunn av skistarbeide var aldri alle med samtidig. I nokre år etter krigen hadde ein to spelekveldar i veka, ein for dagarbeidare og ein for skiftfolk. I nokre år var det også eigen dameklubb.

I 1946 blei klubben innmeld i krinsen.

Nokre år etter krigen blei det nye Folkehets Hus bygd og klubben flytta inn der.

I 1949 kom Tore Bergesen til Ålvik og blei sjølv sagt med i klubben. Han avløyste i 1950 Karl Skjelvik som formann og hadde vervet til 1972 avbrutt av året 1953 då Roald Torheim var formann. Da Bergesen flytta til Øystese gjekk det dårleg med bridgen, og eit par sesongar var det svært liten aktivitet. Men så blei det satt i gang eit nybyrjarkurs med Bergesen som kursleitar. Dette ført med seg at klubben kom i gong att og ein del nye spelarar blei med. Seinare har det vore eit par kurs til, så ein kan si at aktivitetten nå er tilfredstillande.

Klubben sin aktivitet gjennom meir enn 50 år har altså vore noko varierande og ein har ikkje hatt dei heilt store resultata. To gonger har klubben hatt krinsmeistarane for par og tre gonger for lag.

Klubben har to æresmedlemer: Tore Bergesen og Trygve Osmo. Sistnemde var med å skipa klubben, og er enno aktiv spelar 88 år gammal.

Formann: Jan Kristian Lutro.

## Krinsmeisterskapen for lag

1947	<b>Odda BK</b>
1948	
1949	Voss BK ?? Appellsak til forbundet
1950	
1951	
1952	
1953	<b>Odda BK</b> Alf Kleppe - Nils Olsen og Monrad Martinussen - Lars Ulgenes
1954	<b>Voss BK</b> Nils Mala - Lars Småbrekke og Arne Hauge - Torbjørn Nedrebø
1955	<b>Odda BK</b> Sigurd Hægland - Leif Vatle og Kjørnstad - Dagfinn Dagestad
1956	<b>Odda BK</b> Sigurd Røstløkken - Jon Sørnes og Jakob Vårdal - Ingvald Bratland
1957	<b>Voss BK</b> Torbjørn Nedrebø - Jakob Nedrebø og Olav Lid - Kjell Lid
1958	<b>Voss BK</b> Nils Mala - Lars Småbrekke og Andreas Andersen - Thorbjørn Ullestad
1959	<b>Voss BK</b> Kjell Lid - Nesheim og Hovland - Holme
1960	<b>Voss BK</b> Andreas Andersen - Bergljot B. Andersen og Jon Ystås - Jon Velure
1961	<b>Norheimsund BK</b> Jørgen Hallaråker - Alf Tolo og Ingebrikt Fluge - Hans Lygre
1962	Ikkje arrangert
1963	<b>Ålvik BK</b> Lars Solesnes - Gerhard Øvrevik og Trygve Osmo - Tor Osmo
1964	<b>Ålvik BK / Øystese BL</b> Gerd Bergesen - Tore Bergesen (Ålvik) og Jakob K. Madsen - Helge Olsen (Øystese)
1965	<b>Voss BK</b> Andreas Andersen - Jon Ystås og Bjarne Danielsen - Jon Velure
1966	<b>Voss BK</b> Bjarne Danielsen - Jon Velure og Kjell Lid - Forslund
1967	<b>Ålvik BK</b> Gerd Bergesen - Tore Bergesen og Trygve Osmo - Tor Osmo
1968	<b>Øystese BL</b>
1969	<b>Voss BK</b> Bjørg Andersen - Eivind Andersen og Otto Kampevold - Kjell Lid
1970	<b>Øystese BL</b> Jakob K. Madsen - Helge Olsen og Magne Berge - Leif Dalatun
1971	<b>Tyssedal BK</b> Omar Olsen - Leo Tvedt og Ernst Frantsen - Johannes Flete
1972	<b>Tyssedal BK</b> Omar Olsen - Leo Tvedt og Ernst Frantsen - Johannes Flete

1973	<b>Øystese BL</b> Ingebrikt Fluge - Helge Olsen og Gerd Bergesen - Tore Bergesen
1974	<b>Voss BK</b> Bjarne Danielsen - Nils Bergo og Jon Velure - Odd Pettersen
1975	<b>Ullensvang BK</b> Ulf Asting - Hemming Helland og Oddmund Teigland - Samson Haugse
1976	<b>Øystese BL</b> Leif Dalatun - Ingebrikt Fluge og Helge Olsen - Olav Stangeland
1977	<b>Odda BK</b>
1978	<b>Norheimsund BK/Øystese BL</b> Alf Nitter - Hans Lygre og Jacob M. Madsen - Olav Stangeland.
1979	<b>Øystese BL</b> Leif Dalatun - Ingebrikt Fluge og Tore Bergesen - Helge Olsen
1980	<b>Odda BK</b>
1981	<b>Ullensvang BK</b> Oddmund Teigland - Samson Haugse og Arvid Bjerkestrand - Olav Meling
1982	<b>Øystese BL</b> Halgeir Lunde - Konrad Flem og Olav Stangeland - Steinar Linga
1983	<b>BK 1945 Odda</b> Cato Oulie - Torstein Hauge og Sigurd Brekke - Olav Bratland
1984	<b>Øystese BL</b> Helge Olsen - Ingvar Melstveit og Ingebrikt Fluge - Leif Dalatun
1985	<b>Odda BK</b> Per Ove Aasen - Gustav Aasen og Torstein Hauge - Asbjørn Hanevik
1986	<b>Odda BK</b> Bjørn Korssund - Amund Velure og Geir Stensland - Tore Helge Høyland
1987	<b>Voss BK</b> Bjørg Andersen - Odd Pettersen og Bjarne Danielsen - Jon Velure
1988	<b>Odda BK</b> Tore Helge Høyland - Halvor Skare og Dag Spilde - Geir Stensland
1989	<b>Voss BK</b> Bjørn Dale - Nils Bergo og Arne Mala - Svein Aage Jensen
1990	<b>Odda BK</b> Bjørn Korssund - Finn Handegård og Oddmund Teigland - Amund Velure
1991	<b>Voss BK</b> Halgeir Lunde - Geir Jomisko og Bjørn Dale - Nils Bergo
1992	<b>Voss BK</b> Terje Nilsen, Nils Hirth, Terje Hirth, Lars Sætre
1993	<b>Odda BK</b>
1994	<b>Voss BK</b> Nils Hirth - Terje Hirth og Svein Aage Jensen - Halgeir Lunde - Terje Nilsen
1995	<b>Odda BK</b> Anja Prestvik - Halvor Skare og Vidar Aspunvik - Geir Stensland
1996	<b>Odda BK</b> Tore Helge Høyland - Kåre Frøystein og Vidar Aspunvik - Knut Kaupang

## Krinsmeisterskapen for par

1947		
1948		
1949	Alf Kleppe - Nils Olsen	Odda BK
1950	Agnar Berg - Alfred Nilsen	Odda BK
1951	Alf Kleppe - Nils Olsen	Odda BK
1952	Sigurd Hægland - Leif Vatle	Odda BK
1953	Ernst Frantzen - Alf Johannessen	Tyssedal BK
1954	Nils Mala - Lars Småbrekke	Voss BK
1955	Sigurd Hægland - Leif Vatle	Odda BK
1956	Andreas Andersen - Olav Lid	Voss BK
1957	Eivind Andersen - Lars Småbrekke	Voss BK
1958	Alfred Botnen - Arne Hauge Gjester	BK 1945 Odda
1959	Wilhelm Berg - Monrad Martinussen	Odda BK
1960	Sigurd Hægland - Leif Vatle	Odda BK
1961	Omar Olsen - Leo Tvedt	Tyssedal BK
1962	Aslaug Moss - Kristian Moss	BK 1945 Odda
1963	Wilhelm Berg - Finn Handegård	Odda NK
1964	Omar Olsen - Leo Tvedt	Tyssedal BK
1965	Sigurd Hægland - Tormod Erdal	Odda BK
1966	Sigurd Hægland - Leif Vatle	Odda BK
1967	Omar Olsen - Leo Tvedt	Tyssedal BK
1968	Gerd Bergesen - Tore Bergesen	Ålvik BK
1969	Omar Olsen - Leo Tvedt	Tyssedal BK
1970	Malvin Martinussen - Thor Aasen	Odda BK
1971	Bjarne Danielsen - Arnfinn Gjeråker	Voss BK
1972	Malvin Martinussen - Thor Aasen	Odda BK
1973	Magne Berge - Leif Dalatun	Øystese BL
1974	Nils Bergo - Bjarne Danielsen	Voss BK
1975	Nils Bergo - Bjarne Danielsen	Voss BK
1976	Arnfinn Gjeråker - Knut Sætre	Voss BK
1977	Nils Bergo - Bjarne Danielsen	Voss BK
1978	Halgeir Lunde - Norvald Tjønn	Voss BK
1979	Tore Bergesen - Helge Olsen	Øystese BL
1980	Hallgeir Lunde - Norvald Tjønn	Voss BK

1981	Arnt Gustavson - Bjørn Korsund	Odda BK
1982	Helge Olsen - Ingvar Melstveit	Øystese BL
1983	Bjørn Korssund - Dag Spilde	Odda BK
1984	Nils Hirth - Halgeir Lunde	Bulken BK
1985	Trygve Eriksen - Amund Velure	Odda BK
1986	Oddmund Teigland - John Røynstrand	Ullensvang BK
1987	Terje Hirth - Terje Nilsen	Voss BK
1988	Svein Aage Jensen - Halgeir Lunde	Voss BK
1989	Cato Oulie - Thor Aasen	Odda BK
1990	Steinar Linga - Jan K. Lutro	Ålvik BK
1991	Sigurd Brekke - Finn Handegård	Odda BK
1992	Ingvar Melstveit - Oddvar Sørteit	Øystese BL
1993	Tore Bergesen - Helge Olsen	Øystese BL
1994	Finn Handegård - Amund Velure	Odda BK
1995	Svein Aage Jensen - Espen Torp	Voss BK
1996	Terje Hirth - Halgeir Lunde	Voss BK

## Krinsmesterskapen for mix

1953	Aslaug Moss - Trygve Nilsen	BK 1945 Odda
1954	Else Botnen - Arne Hauge Gjester	BK 1945 Odda
1955	Liv Schåttun - Alf Schåttun	BK 1945 Odda
1956	Bjørg Andersen - Eivind Andersen	Voss BK
1957	Aslaug Moss - Kristian Moss	BK 1945 Odda
1958	Ellen Midttun - Jon Ystås	Voss BK
1959	Aslaug Moss - Kristian Moss	BK 1945 Odda
1960	Anna Hardeland - Skredderberget	Voss BK
1961	Oddbjørg Hauge - Arne Hauge	Voss BK
1962	Ellen Storaunet - Nils Storaunet	Ålvik BK
1963	Bjørg Andersen - Eivind Andersen	Voss BK
1964	Aslaug Moss - Kristian Moss	BK 1945 Odda
1965		
1966	Bergljot B. Andersen - Thorbjørn Ullestad	Voss BK
1967		
1968		
1969	Bergljot Knutsen - Bjarne Danielsen	Voss BK
1970	Bjørg Andersen - Eivind Andersen	Voss BK
1971	Gerd Bergesen - Tore Bergesen	Ålvik BK
1972	Bjørg Andersen - Eivind Andersen	Voss BK
1973	Bjørg Andersen - Eivind Andersen	Voss BK
1995	Bjørg Andersen - Geir Ove Henden	Voss BK
1996	Oddrun Godejord - Espen Torp	Ålvik BK

**Disse bedriftene gratulerer med  
50-års jubileet og har støtta  
utgivinga av dette skriftet:**

<b>Den norske Bank</b> avd. Norheimsund, Øystese, Ålvik	<b>Helge Olsen</b>
<b>Gule's butikk &amp; landbruksverkstad</b>	<b>Kvam Samvirkelag</b> avd. Norheimsund, Øystese, Ålvik
<b>Hardanger Auto</b>	<b>Norzink AS, Odda</b>
<b>Hardanger Bil, Statoil</b>	<b>Sparebanken Vest</b>
<b>Hardanger Sveise- industrier A/S, Odda</b>	<b>Strandebarne Servicesenter, Esso</b>
<b>Hardanger Transport A/S, Odda</b>	<b>UNI Storebrand, Norheimsund</b>
<b>Hardangerfisk A/S</b>	<b>Øystese Gullsmedforretning</b>
<b>Hardangersenteret, Øystese</b>	